

Korleis overlever haren vinteren?

Vi finn harar over nesten heile verda, i ørkenen i Afrika og på kalde Svalbard. Haren har tydelegvis mange gode strategiar for å overleve ulike temperaturar og årstider. Kva gjer han for å overleve vinteren i nord?


Undersøking: Sit på ein ballong!

I dette eksperimentet skal du undersøkje kva som skjer når du sit på ein ballong fylt med luft.

Utstyr:

- ein ballong til kvar
- ein stol


Framgangsmåte:



Blås opp ballongen til han er litt mindre enn ein fotball. Knyt igjen.



Legg ballongen på stolen din og hald i knuten.



Sett deg forsiktig, forsiktig på han!



Sit på ballongen i nokre sekund og kjenn etter om det skjer noko.

Fagleg forklaring

Kjende du at du vart litt varm i baken då du sat på ballongen? Kvifor? Og kva har dette med harane å gjere?

Luft som varmeisolator

Å varme opp luft krev lite energi. Då du sat på ballongen, var kroppsvarmen din nok til å auke temperaturen i lufta inne i ballongen så mykje at du kjende at det vart litt varmare. Då erfarte du at luft er ein veldig god varmeisolator. Det betyr at luft kan brukast til å halde oss varme. Om vinteren brukar vi ofte klede av ull. I ull er det mange små lommer med luft. Kroppen din varmar opp lufta og luftlommene er med på å halde deg varm.

Det er ikkje berre vi menneske som brukar luft som varmeisolator. Det gjer mange dyr òg, og haren er eitt av desse.

